



Det psykologiske fakultet

Referanse

2015/1350-ØYSLA

Dato

06.03.2015

Utdanningsmelding 2014 IPED

Innleiing

I 2014 utarbeidde Det psykologiske fakultet «Strategiplan for økt studiekvalitet og styrking av instituttens fagmiljø 2014-2017», og instituttet sin medverknad i denne omfattande strategiplanen prega naturleg nok også mykje av studiearbeidsfokuset til instituttet i 2014, som den også vil gjere i 2015 og frametter.

Særskilt fokus for Institutt for pedagogikk i denne strategiplanen er etablering av BA-grad i spesialpedagogikk, styrking av eksisterande BA-grad i pedagogikk med oppretting av årsstudium i pedagogikk som første studieår av BA-pedagogikk, og ei styrking av MA-pedagogikk gjennom satsing på EVU-tilbod retta mot skule- og utdanningssektoren.

I tillegg til dette arbeider instituttet vidare med styrking av lærarutdanninga ved UIB, i tråd med innføring av ny Nasjonal rammeplan for integrert lektorutdanning. Psykologididaktikken er også inne i ein endringsfase og vil krevje ekstra arbeidsinnsats i 2015. Instituttet arbeider vidare med å styrke Program for Universitetspedagogikk, og ein er no inne i sluttdelen av tilsettingsprosessane for oppbemanning av fagmiljøet. Universitetspedagogikken har hausten 2014 og våren 2015 hatt fleire vakante stillingar og aktiviteten ser ut til å kunne auke frå og med hausten 2015.

Lærarutdanninga: Erfaringar, utfordringar og planar

Lærarutdanninga ved UiB er inne i ein omfattande prosess med implementering av Ny nasjonal rammeplan for integrert lektorutdanning. Dette inneber blant anna at praksiskomponenten i lærarutdanninga er utvida og at det er auka forventningar om integrering av kunnskap og erfaring studentane tileignar seg i dei ulike arenaene i skulen og ved universitetet. Det er utfordrande å møte auka forventningar innanfor eksisterande ressursrammer og samtidig er det vanskeleg å verta einige om t.d. felles vurderingsformer knytt til praksis i pedagogikk og didaktikkemner i og med at det er tre fakultet som er involvert. Pedagogikkmiljøet kan fagleg sett møte krav frå MN og HF kvar for seg, men ressursammene tillet ikkje ulike ordningar for ulike studieløp knytt til dei to fakulteta vi samarbeider med. I tillegg er ei konkret utfordring for pedagogikk i lærarutdanninga hausten 2015 at endringar i samband med studiestruktur (rekkefylgje på emne), vedtekne ved

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for pedagogikk
Telefon
Telefaks

Postadresse

Besøksadresse
Christiesgate 13
Bergen

Sakshandsamar
Øystein Steine Larsen
55584833

Universitetet i Bergen, aukar undervisningsmengda i dette overlappingssemesteret utan at ekstra ressursar er avklara.

Institutt for pedagogikk ser det som utfordrande for lærarutdanninga at UiB sitt sentrale programstyre har lite reell makt. Dette er særleg knytt til erfaringar med implementeringsarbeidet dei siste semestra. Slik lærarutdanninga er organisert no er Programstyret prisgitt dei avgjerslene det einskilde fakultet tek, sjølv om Programstyret i ulike saker prøver å komme fram til ein form for konsensus. Pedagogikkmiljøet hadde sett det som ein fordel om Programstyret i einskilde saker hadde hatt moglegheit til å instruere dei ulike fakulteta. Ei slik ordning hadde gjort prosessane rundt strukturar og emne som inngår i lærarutdanninga meir føreseielege. Dette hadde også vonleg medført at lærarutdanninga, i større grad enn i dag, hadde hatt moglegheit til å stake ut ein felles kurs.

Talet på studentar totalt på PPU for 2014 er framleis for lågt. Instituttet har hatt som ambisjon å arbeide vidare med å auke opptakstalet på eittårig PPU, mellom anna ved å arbeide for ein deltidsmodell og rekruttere bachelor-/masterstudentar ved DPF til å ta PPU (psykologididaktikk). Arbeidet med psykologididaktikk er omtala i eige punkt under. I og med iverksetjinga av fakultetets strategiplan har arbeidet med deltidsmodell vorte utsett. Instituttet meiner imidlertid framleis at det ville vore ein fordel om deltidsmodell for PPU studiet vart utgreia vidare.

Psykologididaktikken er i ein endringsfase og det har i løpet av haust 2014/vår 2015 vore gjort kvalitetsforbetringar i dei to 15 stp emna i psykologididaktikk. Psykologi som skulefag (programfaga psykologi 1+2) har, sidan dei vart skrivne inn i Kunnskapsløftet i 2009, vakse eksplosivt og behovet for å utdanne psykologilærarar er stort. Samtidig har Norge ingen tradisjon innan psykologididaktikk og til no har opplæringa vore fragmentarisk og utan tydelig retning. Mange psykologilærarar som jobbar i skulane no har difor lite utdanning i og erfaring med å undervise i faget. Det eksisterer få eller ingen kurs og behovet for vidareutdanning er absolutt til stades. Det er med andre ord behov for utdanning av nye psykologilærarar, og ei endring av årsstudiet i psykologi vil gjere det mogleg med opptak på PPU med dette i fagkretsen. Eit av måla for 2015 er difor å etablere eit prosjekt der behov og moglegheiter for ulike utdanningstilbod i psykologididaktikk vert utforska og at det vert sett i gang tilbod som kan gje faget ei tydelegare retning.

Bachelor- og masterprogramma i pedagogikk: Evaluering og vidareutvikling

Bachelorprogrammet i pedagogikk vart gjenstand for ei meir omfattande evaluering i 2014, i tråd med Universitetet i Bergen si *Handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia*. Den viktigaste konklusjonen i denne studieprogramevalueringa er knytt til vurderinga av studieprogrammet sin heilskap og struktur. Gjennomgangen viser klare svakheiter ved det faglige innhaldet og strukturen i bachelorprogrammet sitt første studieår. Berre 25 av dei første 60 studiepoenga er knytt til pedagogikkemner, og både i studentevalueringane og dei tilsette sine emnerapporter kom det tydeleg fram at dette fører til lågare tilknytning og motivasjon hos studentane. Tilsette med ansvar for studieprogrammet erfarer at programmet sin organisering har motarbeidd programmet sine faglege og pedagogiske intensjonar.

Utviklinga av årseining i pedagogikk har tatt eit steg vidare og er no inne i fakultetets vedtekne «Strategiplan for økt studiekvalitet og styrking av instituttenes fagmiljø 2014-2017» med konkret tidsplan for innføring. Ei viktig målsetjing for denne endringa av studietilbodet er nettopp å auke kvaliteten på bachelorprogrammet i pedagogikk og å auke studenttalet i høve til måлтаlet. Det vert også arbeidd vidare med å utvide mastergradstilbodet i pedagogikk med spor i skuleleiing og rettleiing som påbygging på EVU-emna innanfor desse fagområda, som omtalt i strategiplanen.

Arbeidet for å minske fråfall på bachelor- og mastertilbodet i pedagogikk, utover det som er skissert i fakultets strategiplan, har vore positivt. Ved opptak til IKT-basert master i 2014 vart det overbooka med 6 studentar, det har vore eit forventa fråfall og ein har no framleis like i overkant av 20 studentar inne på programmet etter haustens opptak, noko som gjer at ein oppfyller måltalet. To planlagde nyvinningar, suppleringsopptak på IKT-master og årsstudium kombinert med ny og betre struktur på bachelorprogrammet i pedagogikk, vil vonleg hjelpe til med å halde studenttala høge på BA- og Masterprogramma også frametter.

Bachelor i spesialpedagogikk – oppretting av nytt studieprogram

Arbeidet med å opprette bachelor i spesialpedagogikk i samarbeid med IBMP og ISP, slik det er skissert i «Strategiplan for økt studiekvalitet og styrking av instituttens fagmiljø 2014-2017», vart sett i gang i februar 2015. Mandatet er å

- vurdere kva kvalifikasjonar ein treårig grad kan gje
- vurdere moglegheit for et integrert 5-årig løp i logopedi
- vurdere moglegheitene for å gå vidare til andre masterprogram, lokalt og nasjonalt

Bachelorprogrammet i spesialpedagogikk vert utforma som eit generelt studium i spesialpedagogikk med spesialisering 3. året inn mot master i logopedi, pedagogikk og psykologi. Bacheloren skal også kunne gje moglegheit for å søkje seg til mastergrader i spesialpedagogikk ved andre institusjonar. Som sjølvstendig utdanning skal ein bachelor i spesialpedagogikk ved UiB også kunne kvalifisere til spesialpedagogiske arbeidsoppgåver i barnehage, skule og andre læringsarenaer. Med ein bachelor i spesialpedagogikk frå UiB, får ein kompetanse i kartlegging på lågaste nivå, utarbeiding av individuelle opplæringsplaner og individuelle planer.

Status for instituttets oppfølging av fakultetets fem satsningsområder:

Internasjonalisering: Det engelskspråklege emnet PED114 er svært populært.

Emnevask: Instituttet har heilt sidan 2008 hatt fokus på implementering av kvalifikasjonsrammeverket, så også i 2014, der svært mange av instituttet sine emne har gjennomgått emnevask for å vere oppdatert i høve kvalifikasjonsrammeverket.

Digitalisering: Instituttet hadde ein eigen undervisningsdag knytt til digitalisering og deltakande evaluering i 2014. Gjeldande digitalisering har fagmiljøa ved instituttet ulike behov knytt til eigenarten i faga. Instituttet arbeider for bevisstgjerung og utnytting av moglegheitene som ligg i dei einskilde faga. Utviklinga blir følgt opp av undervisningutvalet. Instituttet har også ulike forskingsprosjekt knytt til digitalisering i undervisninga, mellom anna PEK-prosjektet «Dig-UiB og digital kompetanseheving» som i 2015 går inn i sitt tredje år. Universitetspedagogikk har utvikla kursmodulen «video i undervisning» som går no første gang vår 2015.

EVU: Det vert primært planlagt for og utreia moglegheiter for to EVU-kurs, 2*15 studiepoeng i skuleleiing og 2*15 studiepoeng i vurdering. I tillegg har ein tidlegare utvikla 2*15 studiepoengs EVU-kurs i rettleiing som ein har tilbod i (PED600 og PED641). Andre aktuelle EVU-kurs som er i planleggingsfasen er kurs i Læringsanalyse, vurdering og psykologididaktikk. Kva av disse tilboda som vert vidareutvikla er enno usikkert, blant anna må det vurderast kva som faktisk er mogleg å selje inn til skulane. I og med at Utdanningsdirektoratet finansierer ei rekkje EVU-kurs i UH-sektoren, kan det synast som det

er vanskeleg for skulane å prioritere kurs som dei må betale for. IPED er i dialog med Hordaland Fylkeskommune om dette.

Tanken er at EVU-emna som er på masternivå også skal kunne nyttast som emne på spor på masterprogramma i pedagogikk (deltid IKT- eller heiltid campus). Av pågåande EVU-aktivitet er rettleiingstudiet PED600 fullbooka, med 25 studentar som hadde oppstart januar 2015. Rektorskolen er inne i sitt siste år ved UiB og siste kull på ca. 40 studentar vert uteksaminert i desember 2015. Dette betyr at vi allereie har uteksaminerte studentar som eventuelt kan søkje om å gå vidare på masteremne for å få ein full master. Vi har pr. i dag få plassar å tilby i og med at vi har lite fråfall, men ynskjer å prøve ut interessa for å ta ein full master.

Deltakande evaluering: Instituttet har evalueringsformer som er i tråd med prinsippa i deltakande evaluering. Vi har imidlertid ikkje hatt systematisk fokus på dette i 2014.

Venleg helsing

Astrid Tolo
konstituert instituttleder

Øystein Steine Larsen
administrasjonssjef